



Rogaland

Fylkesstyret i Rogaland Bygdekvinnelag
Lokallaga i Rogaland Bygde-/Bondekvinnelag
Utsendingar frå Rogaland Bondelag
Utsending frå Rogaland Bygdeungdomslag

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I ROGALAND BYGDEKVINNELAG 15.-16.03.24

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Rogaland Bygdekvinnelag fredag 15. og laurdag 16. mars 2024. Årsmøtet vert halde på Byrkjedalstunet. Vertskap for festen fredag kveld er Gjesdal bygdekvinnelag.

Samstundes oppfordrar styret lokallaga til å koma med forslag til resolusjon, sjå informasjon lenger ned.

I følgje vedtektene for bygdekvinnelaget § 5 pkt. I er årsmøtet samansett av:

1. Distriktsstyret sine medlemmer
2. Leiar av lokallaget samt ein vald representant for kvart lag med inntil 20 medlemmer og ein vald representant for kvart vidare påbyrja 50. medlem
3. To (2) representantar frå tilsvarande organisasjonsledd i Bondelaget
4. To (2) representantar frå tilsvarande organisasjonsledd i Bygdeungdomslaget

LOKALLAG VIL FÅ FØLGJANDE UTSENDINGAR TIL DISTRIKTSÅRSMØTET:

Lag med opptil 20 medlemmer får 2 representantar (leiar + 1)

Lag med 21-70 medlemmer får 3 representantar (leiar + 2)

Lag med 71-120 medlemmer får 4 representantar (leiar + 3)

Lag med 121-170 medlemmer får 5 representantar (leiar + 4)

Lag med 171-220 medlemmer får 6 representantar (leiar + 5)

Elles viser ein til vedtektene for fylkesårsmøtet. Saklisteste og program, samt årsmelding og rekneskap, vert sendt direkte til utsendingane to (2) veker før årsmøtet. Sakspapira blir sende elektronisk til dei e-postadressene som er på påmeldinga. Papirkopiar blir levert ut på årsmøtet.



Rogaland

Årsmøtesakene er på laurdag, slik at du får med sjølve årsmøtet om du ikkje har høve til å møta fredag.

Me bed om at påmelding med namn og adresse vert sendt til kontoret innan 28. februar 2024, men det er sjølvsagt greitt å melda seg på i god tid før fristen. Kan ikkje ditt lokallag koma? Då set me stor pris på å bli informert. Det skal nyttast skriftleg påmelding på digitalt skjema: **Påmelding til årsmøtet finn de [her](#)** Pris for full pakke kr. 3400,-

Årsmøtet startar klokka 16.00 fredag med kaffi og registrering. Årsmøtet er venta å slutta kl 15.30 laurdag. Årsmøtet varer til det er ferdig, og det er ikkje høve til å reisa tidlegare. Ver venleg å planleggja deretter.

Overnatting: Bykjedalstunet har ein del store rom med plass til to og fire stk. Om nokon ynskjer å vere saman på desse romma, vil det verte reduksjon i prisen. Viss alle ynskjer å vere kvar for seg, vert nokon innkvartert i hus/leilegheitar litt utanom sjølve tunet. Her er òg moglegheiter for å bu saman. Transport vert ordna.

Resolusjon:

Lokallaga vert oppfordra til å koma med forslag til resolusjon. Ein resolusjon (ei fråsegn) skal vera ei sak som viser bygdekvinnelagspolitikk. Det bør vera eit dagsaktuelt tema og ha grunnlag i NBK si politiske plattform. Eventuelle forslag må vera styret i hende innan 8. mars. Det er ynskjeleg at dei som kjem med forslag, saman med to frå styret, sit i ein resolusjonskomitè.

Stavanger 16.02.24

Leiar

Marianne M. Jøsang

Nestleiar og sekretær

Åse-Berit Fidjeland

